



Jobbnorge-ID: 269463

Søknadsfrist: 15.12.2024

Nettside: <https://www.uib.no/om/84775/ledige-stillinger-ved-uib>

Omfang: Heiltid

Varighet: Åremål

Dekan ved Fakultet for kunst, musikk og design

Kunnskap som formar samfunnet

UiB skal være blant Europas fremste universitet, internasjonalt kjent for høy kvalitet i forskning og utdanning. Som samfunnsinstitusjon skal vi bidra til ei berekraftig og demokratisk utvikling og være ein attraktiv og inkluderande studie- og arbeidsstad.

Vil du være med å forme framtida? Vi leitar etter deg som er ein samlande og framtidretta leiar, med stor fagleg tyngde og gode leiareigenskapar.

Video: <https://www.youtube.com/watch?v=vtJLmcUJ3-w>

Dekan ved Fakultet for kunst, musikk og design

Ved Fakultet for kunst, musikk og design (KMD) er det ledig stilling som dekan (åremålstilsetting) for ein periode frå 01.08.2025 til 31.07.2029.

Fakultet fremjar kunst, musikk og design som grunnleggande verdiar for individ og samfunn og driv utdanning, kunstnarisk utviklingsarbeid, vitenskapleg forskning og formidling. Fakultetet utdannar framtidens kunstnarar, designarar, utøvande musikarar, komponistar, musikkterapeutar, musikkvitarar, kuratorar, musikk- og kunstpedagogar. Fakultetet har om lag 190 tilsette, fordelt på tre institutt og sentraliserte tenester på fakultetsnivå. Fakultetet har om lag 700 studentar fordelt på bachelor- og masternivå og 30 ph.d. kandidatar. I 2024 forvaltar fakultetet eit grunnbudsjett på om lag 200 millionar kroner. Du vil finne nærare informasjon om Fakultet for kunst, musikk og design [her](#).

Dekanen skal stimulere framifrå faglege resultat, at fakultetet er konkurransedyktig når det gjeld ekstern finansiering og er ein attraktiv arbeids- og studiestad.

Dekanen er den øvste leiaren ved fakultetet, med ansvar for fakultetet si samla verksemd og representerer fakultetet eksternt. Dekanen rapporterer til rektor og er med i rektor si leiargruppe. Dekanen er ansvarleg for fakultetet si samla ressursforvaltning, har budsjettansvar og det overordna HMS-ansvaret for fakultetet sine tilsette.

Dekanen er næraste overordna for fakultetsdirektøren og instituttleiarane ved fakultetet.

Arbeidsoppgåver:

- utvikle og implementere fakultet si verksemd i tråd med UiB sin strategi
- bidra i det strategiske arbeidet ved universitetet og sørge for at fakultetet har oppdaterte strategiar og handlingsplanar
- leie og utvikle den samla verksemda ved fakultetet med konsentrasjon om kjerneoppgåvene, med vekt på kvalitet i forskning, utdanning, innovasjon og formidling
- vere sekretær for fakultetsstyret og førebu saker i samråd med ekstern styreleiar
- skape ein positiv og involverande organisasjonskultur og sikre at både studentar og tilsette har eit trygt, inkluderande og stimulerande fag- og arbeidsmiljø
- ha god kontakt med instituttleiarane og fagmiljøa ved fakultetet
- sørge for velegna tekniske og administrative tenester og for effektiv drift av fakultetet
- representere og posisjonere fakultetet og fremje internt og eksternt samarbeid
- vere øvste arbeidsgjevaransvarlege, ivareta medbestemming og sikre at tilsette vert høyrte

Vi søker ein person som har:

- vitenskapleg kompetanse på professornivå innanfor eit av fagområda ved fakultetet
- god innsikt i vitenskapleg forskning og kunstnarisk utviklingsarbeid innanfor fakultetets fagområde
- god innsikt i forskings- og utdanningspolitikk, både nasjonalt og internasjonalt
- visjonar for fakultetet si utvikling
- leiarerfaring frå universitetsnivå og som kan vise til gode resultat
- god innsikt i kunnskapsorganisasjonar og krava som vert stilt til administrative tenester og god økonomistyring
- ein motiverande og inkluderande leiarstil prega av samarbeid, medverknad og dialog
- evner til å skape tillit og bygge nettverk internt og eksternt

Personlege eigenskapar som er naudsynte for stillinga vil bli vektlagde. Forvaltningsspråket ved universitetet er i hovudsak norsk, og det er eit krav at den som blir tilsett har ferdigheiter i norsk eller anna skandinavisk språk.

Vi tilbyr:

- Eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- Dekanen vert tilsett i åremål i fire år, frå 1. august 2025 eller etter avtale. Stillinga er plassert i kode 1474 - dekan. Løna vert fastsett etter avtale
- Medlemskap i Statens pensjonskasse
- Gode [velferdsordningar](#)

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til: Rektor Margareth Hagen, tlf. nr. 55 58 20 02, mobil nr. 416 19 662, HR-direktør Kathrine Brosvik Thorsen, tlf. nr. 55 58 21 31, mobil nr. 415 57 571.

Om den som vert tilsett er ein ekstern søkjar, vil vedkomande bli vurdert for tilsetjing som professor i fagområdet sitt etter at åremålsperioden som dekan er ute.

Mangfald er ein styrke og gjer at vi kan løyse oppgåvene våre endå betre. UiB treng difor kvalifiserte medarbeidarar uavhengig av kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk og alder.

Universitetet i Bergen arbeider målretta for auka likestilling og legg vekt på kjønnsbalanse og mangfald i leiargruppene. Kunnskap om og resultat frå aktivt likestillings- og mangfaldsarbeid blir tillagt vekt ved rekruttering av leiarar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Vi oppmodar søkjarar med funksjonsnedsetjing, innvandrarbakgrunn eller hól i CV-en til å søke. Dersom du kryssar av for dette i søknaden kan du bli positivt særbehandla. Vi inviterer alltid minst ein kvalifisert søkjar frå kvar av desse gruppene til intervju. Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Universitetsdirektøren er øvste leiar av den administrative verksemd ved universitetet. Direktøren er tilsett av universitetsstyret, og er sekretær for styret.

Tilleggsinformasjon

Arbeidsstad:

Møllendalsveien 61 5009 Bergen (Bergen Kommune)